



Utviklingsplan

Fjordane interkommunalt politisk råd 2023 – 2024



1	Innleiing	3
1.1	Fjordane interkommunalt politisk råd	3
1.2	Fjordane – attraktiv og konkurransedyktig	4
1.3	Utfordringar og konkurransefortrinn	5
1.4	Samarbeid i Vestland.....	5
1.5	Berekraftsmåla	6
1.6	Kunnskapsgrunnlag og føringar.....	6
1.7	Kommunale rammer	6
1.8	Regionale rammer	7
1.9	Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging	7
2	Prioriterte samarbeidsområde og strategiar.....	7
2.1	Fjordane som ein viktig verdiskapingsregion regionalt og nasjonalt	8
2.2	Interessepolitisk samarbeid - vere ein sentral pådrivar for å styrke Fjordane	9
2.3	Klima og miljø skal vere premiss for samfunnsutvikling i Fjordane	10
2.4	Sikre gode lokalsamfunn og marknadsføre Fjordane som ein attraktiv bu- og arbeidsregionen	11
2.5	Samarbeid i regionen for å nå måla	11
3	Framdrift - vegen vidare	12

1 Innleiing

Utviklingsplan for Fjordane interkommunal politisk råd (Region Fjordane) skal vere med å sikre politisk forankring og etablere ein tenleg plattform for rådet sitt arbeid.


Region Fjordane vil med omsyn storleik tilsvare tre fjerdedelar av tidlegare fylkeetinget i Sogn og Fjordane. Rådet vil ha ei sterk politisk stemme regionalt og nasjonalt innan viktige strategiske satsingar som samferdsle, næring, utdanning, kultur og samfunnsutvikling.

1.1 Fjordane interkommunalt politisk råd

Region Fjordane vart etablert juni 2022 og består av kommunane:

- Stad, Bremanger, Kinn, Gloppen og Stryn (Nordfjord)
- Solund, Hyllestad, Askvoll og Fjaler (HAFS)
- Sunnfjord og Høyanger

Rådet byggjer på Nordfjordsrådet, tidlegare Samarbeidsforum i Sunnfjord (SiS) og HAFS regionråd.



Region Fjordane har som formål å arbeide med:

- saker av felles interesse for kommunane,
- fremme kommunane og regionen sine interesser overfor myndigheiter og andre premissleverandørar,
- gi felles uttale i saker som er viktige for deltakarkommunane og regionen,
- og skape kreative arenaer der næringsliv, forskning og utdanningsmiljøa og offentlege myndigheiter kan samhandle.

Vedtektene for Fjordane interkommunalt politisk råd gjeld som grunnlag for styring av rådet.

1.2 Fjordane – attraktiv og konkurransedyktig

Region Fjordane har eit innbyggartal på over 77 000 innbyggjarar og eit samla areal på 9 151 km². Som ein ser av kartet vil dette vere ein stor region i Vestland, nærmare 1/3 av heile arealet.

Regionen har eit rikt kulturliv med ei rekkje festivalar sommarstid, operahus, konsertsalar, store og små utescener, fleire folkemuseum, kunstmuseum, galleri, kunstnarheimar, store kulturhus og flotte idrettsanlegg. Fjordane har òg ei rik historie med mange tilgjengelege kulturminne og interessante naturfenomen. Fjordane er viktig nasjonalt med omsyn til attraksjon for reiselivet.

Region Fjordane har god infrastruktur med tre flyplassar med samband mot Oslo og Bergen. E39 er største samferdselsåra og går rett gjennom region frå sør til nord og med tilførselsvegane vest-aust i form av riksvegane Rv15 og Rv5 samt ei rekkje sentrale fylkesvegane. Det går ekspressbussar mot Bergen og Ålesund, og frå både Måløy og Florø via Nordfjordeid, Stryn og Førde mot Oslo. Regionen har ei rekkje ferjesamband som bind saman ei mengde fjordar med Sognefjorden, Dalsfjorden, Førdefjorden og Nordfjorden som dei største. Ei rekkje regionale og lokale båttruter knyt òg saman Fjordaneregionen og gjer det enkelt å reise sjøvegen langs kysten.

Kommune	Folketal	Areal i km ²
Stad	9 517	753
Gloppen	5 885	1 030
Stryn	7 118	1 378
Bremanger	3 597	833
Kinn	17 160	812
Sunnfjord	22 020	2 208
Fjaler	2 885	416
Askvoll	2 991	327
Hyllestad	1 294	259
Solund	786	228
Høyanger	4 049	907
Folketal og areal i alt	77 302	9151

«Gode lokal samfunn med like moglegheiter til å delta for alle.»

1.3 Utfordringar og konkurransefortrinn

Det kommunale og regionale landskapet har endra seg mykje dei siste åra. Det gir nye og spennande utfordringar. Det set samstundes krav til auka samarbeid på tvers av tidlegare grenser. Det er det viktig å sikre gode lokalsamfunn og like moglegheiter til å delta for alle.

Dei største utfordringane i dag for kommunesektoren er demografi og det faktum at færre skal behandle og hjelpe fleire, det grønne skifte og behov for tilstrekkeleg energi, beredskap og klimaomstilling, legge til rette for gode og trygge liv lokalt, og geopolitiske utfordringar. Regjeringa si utgreiing av [personellet i ein berekraftig helse- og omsorgsteneste](#) er sentral her, det same gjeld [kartlegging av energibehova](#) og forslag til auka energiproduksjon med mål om overskotsproduksjon av kraft og at rikeleg tilgang på fornybar kraft.

Vestland fylkeskommune fekk i 2020 utarbeidd ein regional rapport om [Grøn Region Fjordane](#). Rapporten peiker manglande samarbeid, liten tilgang på risikokapital og innovasjonsfinansiering, manglande infrastruktur for grønne løysingar, og mangel på rett og kvalifisert arbeidstakarar som utfordringar for næringslivet i regionen. Samstundes peiker rapporten på at Fjordane kan bli ein viktig bidragsytar for å nå nullutsleppa i Vestland. Det set igjen krav til dekarbonisering av sjøfart, industri og jordbruk. Dessutan må folketalsutviklinga reverserast og det må utviklast ein strategi for å møte ei aldrende befolkning. Regionen har likevel mange konkurransefortrinn.

1.4 Samarbeid i Vestland


Samarbeid i Vestland vil vere ei hovudoppgåve for rådet. Region Fjordane vil særleg rette merksemda mot den regionale utviklarrolla og vere ein samarbeidsaktør med Vestland fylkeskommune, vise korleis vi kan balansera by/land-utfordringane, framheve moglegheitene og styrkane lokalt, sikre regionale fagnettverk, og utfordre fylkeskommunen som arena for samarbeid mellom råda i Vestland.

Felles planarbeid om klimatilpassing, arealdisponering, demografiske utfordringar, auka behov for kompetanse og rekruttering, styrke mobilitet, legge til rette for innovasjon og omstilling, skape auka attraktivitet og evne til å spele kvarandre gode, vil vere viktige dimensjonar.

Det er heilt avgjerande å etablere ein best mogeleg forankring lokalt i kvar kommune. Derfor inviterte vi alle formannskapa til ei felles samling på Skei 2. og 3.november 2022. Konferansen danna grunnlaget ein utviklingsplan for Fjordane. Fylkeskommunen og statsforvaltaren deltok på samlinga. Deltakarane peika på samferdsle, utdanning, næring og kultur som dei viktigaste satsingsområda.

1.5 Berekraftsmåla

Kommunane i Region Fjordane legg til grunn Parisavtalen og FN sine berekraftsmål for samfunnsutvikling lokalt og regionalt. Her er klima og miljø, sosiale forhold og økonomi sett i samanheng for å skape ei berekraftig utvikling fram mot 2030. Måla er basert på globale utfordringar som Norge er forplikta til å arbeide etter.



Fjordane har med sin næringsstruktur og lokale føresetnader eit godt grunnlag for å ta aktivt del i det grønne skiftet og gjere dette til eit konkurranseføretrinn for verksemder og samfunn som heilskap. Konseptet bak Grøn Region Vestland og Grøn Region Fjordane er ei konkretisering av dette.

1.6 Kunnskapsgrunnlag og føringar

Utviklingsplan for Region Fjordane tar utgangspunkt i nasjonale, regionale og kommunale rammer.

1.7 Kommunale rammer

Kommuneplanane i kvar einskild kommune med samfunnsdel og arealdel er dei viktigaste planane. I tillegg vil kommunedel- og fagsektorplanar innan m.a. opplæring, helse og sosiale, kultur, klima og miljø, næring-, landbruk og verdiskaping, mobilitet, samfunnsstrøggleik vere relevante.

1.8 Regionale rammer

Vestland fylkeskommune har utarbeidd ei rekkje regionale planar. Nokre er vedtekne i tidlegare Sogn og Fjordane fylkeskommune og Hordaland fylkeskommune. Desse blir oppdaterte med nye regionale planar etter kvart. Vestland fylkeskommune har utarbeidd ein eigen utviklingsplan for 2020 – 2024. Denne fungerer òg som fylkeskommunen sin planstrategi.

Regional plan for innovasjon og næringsutvikling (2021-2033) har fire satsingar - grøn næringsutvikling, areal til næringsutvikling, kompetanseutvikling i arbeidslivet og innovative og inkluderande samfunn.

1.9 Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging

I kongeleg resolusjon frå mai 2019 peiker regjeringa på forventningar til regional og kommunal planlegging for perioden 2019 – 2023 om å fremje ein berekraftig utvikling i heile landet. Regjeringa legg vekt på at vi står overfor fire store utfordringar:

- Å skape et berekraftig velferdssamfunn
- Å skape eit økologisk berekraftig samfunn gjennom mellom anna ein offensiv klimapolitikk og ein forsvarleg ressursforvaltning
- Å skape eit sosialt berekraftig samfunn
- Å skape eit trygt samfunn for alle

Regjeringa har bestemt at FN sine 17 berekraftmål, som Norge har slutta seg til, skal vere det politiske hovudsporet for å ta tak i vår tids største utfordringar. Berekraftmåla skal vere ein del av grunnlaget for samfunns- og arealplanlegginga.

2 Prioriterte samarbeidsområde og strategiar

Region Fjordane er opptekne av å arbeide særskild mot utfordringar knytt til samferdsle, utdanning, næringsutvikling, og kultur. Dette vil vi gjere gjennom å spisse samarbeidet mot fem prioriterte område av felles interesse og nytte for Fjordane. Desse er samarbeidsområde som går på tvers av kommunegrensene. Derfor er det viktig å sjå Fjordane under eitt og opptre samla. De prioriterte samarbeidsområda er:

- Fjordane som ein viktig verdiskapingsregion regionalt og nasjonalt
- Interessepolitisk samarbeid - vere ein sentral pådrivar for å styrke Fjordane
- Klima og miljø skal vere premiss for samfunnsutvikling i Fjordane
- Sikre gode levekår, lokalsamfunn og marknadsføre Fjordane som ein attraktiv bu- og arbeidsregionen
- Samarbeid i regionen for å nå måla

Region Fjordane vil samarbeide om å styrke satstinga på grøn næringsutvikling opplevingsnæringar, landbruk, kompetanseutvikling, og berekraftige transporttilbod gjennom tettare samarbeid.

Samarbeidsområda stemmer overeins med dei drøftingar FIPR har hatt m.a. på felles formannskapsmøte på Skei i november 2022. Dei samsvarer òg med Vestland fylkeskommune sin utviklingsplan og arbeidet deira med ein ny regional næringsstrategi for Vestland.

Samarbeidsområda er tilpassa dei ressursar FIPR rår over. Det er viktigare å følgje opp nokre særskilde satsingsområde framfor å spreie seg på for mange tema og oppgåver.

2.1 Fjordane som ein viktig verdiskapingsregion regionalt og nasjonalt

Vårt næringsliv er basert på mange mindre verksemder, i mindre grad på dei store bedriftene. Det har resultert i ein **rik skaparkultur**. Den er det viktig å halde på.

Region Fjordane vil bygge på Vestland fylkeskommune si satsing på Grøn Region Vestland. Her er m.a. tilgang til nok eigna næringsareal basert på berekraftig bruk av naturressursar, særskilt viktig. I samråd med fylkeskommunen er det viktig å vurdere korleis vi **utløyse fleire grønne industri-etableringar** og industrielle symbiosar.

Regionen har eit stort fortrinn gjennom ei sterk **havklynge og bruk av havrommet**, inkludert fiskeri og havbruk. Målet er testing av grønne løysingar. Det er viktig at vi klarer å halde på den kompetansen vi har her og sikre eit godt og variert utdanningstilbod som speglar dei behova regionen har

God samferdsle er elles avgjerande for vår verdiskaping og for å bygge ein endå tettare bu- og arbeidsregion. Det er naturleg at FIPR tar initiativ til å utarbeide ein eigen berekraftig transportstrategi. Inkludert her må gode kollektivløysingar presenterast.

Fjordane med sitt eineståande landskap med hav, fjordar, fjell og brelandskap har ein stor stort potensiale for å utvikle eit felles **berekraftig reiseliv**. Vår region kan tilby berekraftig natur i verdsklasse.

Region Fjordane vil arbeide aktivt og målretta mot regionale og nasjonale myndigheiter for å ivareta regionen sine felles interesser i prioriterte saker.

Manglande **kompetanse** er ein av dei største utfordringane i regionen og på Vestlandet. Det er avgjerande at regionen får behalde sine vidaregåande skular. Desse fungerer som regionale **kompetansesentera** og spelar òg ei viktig rolle lokalt. Regionen må ha tilbod om universitetsfag retta mot profesjonar tilpassa regionen sitt nærings- og samfunnsliv.

Fjordane er ein stor **landbruksregion**. Den viktigaste samfunnsoppgåva til vårt landbruk er å sikre nok, trygg og variert mat av god kvalitet. Men landbruket vårt bidreg også til busetnad og næringsliv over heile landet, bevaring av biologisk mangfald, kulturlandskap og skogen og jorda sin funksjon som karbonlager. Landbruket spelar også ei viktig rolle for å vidareføre tradisjonell kunnskap og kultur.

Kulturtilbodet i Fjordaneregionen er variert og spenn frå høgt profesjonelt nivå både på utøvarar, arrangørar og fasilitetar til ein rik flora av organisasjonar og frivillig kulturlag. Eit mangfaldig kulturliv er avgjerande for å sikre kulturell integrasjon og sosial berekraft. Det er eit kulturpolitisk mål å sikre eit høgt profesjonelt kulturliv for å vere med å kjempe om nasjonale kulturmidlar og -satsingar.

2.2 Interessepolitisk samarbeid - vere ein sentral pådrivar for å styrke Fjordane

Det er avgjerande å arbeide aktivt og målretta mot regionale og nasjonale organ for å **sikre regionen støtte** for Region Fjordane sine prioriteringar og interesser. Det set krav til tillit, gi støtte og vereause mot kvarandre, og vere i forkant og til stades der viktige saker vert drøfta og avgjort.

Vi vil utvikle ein modell tilpassa Fjordane IPR – **Fjordamodellen** – basert styrka samarbeid, tillit og satsing på utvalde pilottiltak.

Region Fjordane vil vurdere felles strategiar for klimaomstilling, arealforvaltning og naturmangfald i Fjordane. Sikre infrastruktur for nasjonale og regionale linjenett er ein viktig fellesnemnar.

2.3 Klima og miljø skal vere premiss for samfunnsutvikling i Fjordane

Fjordane er særleg rik på naturressursar, alt frå sjømat, landbruk, mineralressursar til vass- og vindkraft. Desse må forvaltast på ein berekraftig måte.

Landskapet vårt med breane gir oss eit **eineståande kraftbatteri** som vil vere særleg viktig i samband med det grønne skiftet. Det betyr òg at vi er ein region med stor tilgang på kraft. Regionen har kraftoverskot. Elektrifisering set samstundes store krav til at vi tar særleg omsyn til miljøutfordringane. **Linjenett og forsyningstryggleik** forstått som kraftsystemet si evne til å kontinuerleg levere straum, handlar både om energitryggleik, effektryggleik og driftstryggleik og er svært aktuelt for vår region. Vi har stort overskot på straum og kan både legge til rette for nye berekraftige næringar og eksportere energi ut av regionen.

Klimafotavtrykket er det samla utsleppet vårt. Både direkte utslepp innanfor kommunegrensene, og utsleppa som følgje av at vi kjøper produkt som er laga og transportert frå andre stader, og frå reisene våre til inn- og utland. Jordbruk, vegtransport, bygg og anlegg er dei største kjeldene til direkte utslepp. **Forvaltning av areal i Fjordane** vil derfor vere ei sentral utfordring.

Kommunane i Region Fjordane har ei viktig rolle med å ivareta naturmangfald i saksbehandling, arealplanlegging, som grunneigarar og gjennom rettleiing og informasjon til innbyggjarane. Ein **felles temaplanen for naturmangfald** vil kunne gi oss ein betre oversikt over naturmangfaldet og legge tydelege føringar for korleis vi skal jobbe med naturforvaltninga i Fjordane.

God samfunns- og arealplanlegging er avgjerande for å forebygge og redusere risikoen knytt til naturfarar som snø- og steinskred, kvikkleire- og sørpeskred, flom, flodbølge og stormflo. Det er naturleg at **ROS-analyser og beredskap** også er ein del av Region Fjordane si merksemd.

**Region Fjordane
inviterer
fylkeskommunen til ein
partnerskapsavtale om
eigne utviklingsprogram
for «Gode lokalsamfunn
for alle» og å styrke
samarbeidet mellom
senter- og
omlandskommunane.**

**Region Fjordane byggjer
på samarbeid i regionen
for å nå måla**

2.4 Sikre gode lokalsamfunn og marknadsføre Fjordane som ein attraktiv bu- og arbeidsregionen

Bu- og arbeidsmarknadsregionar er regionar med felles marknad for arbeidskraft og arbeidsplassar der innbyggerane ikkje treng å flytte eller bruke vesentleg tid på å reise. Ved å **styrke nasjonale og regionale transportkorridorar** bidreg ein til å redusere næringslivets transportkostnader, og ein **knyt by og land tettare saman**. Transportsystemet skal legge til rette for god mobilitet for innbyggerane og næringsliv og gje moglegheiter for trivsel og verdiskaping.

Tilrettelegging for å skape bulyst, blilyst, tilflytting og tilgang til arbeidskraft er nødvendig for å skape **attraktive samfunn**. Attraktive samfunn der folk vil bu er trygge, inkluderande, har gode tenester og eit mangfaldig tilbod. Region Fjordane vil invitere fylkeskommunen til å bidra til ein felles forståing for utfordringar og mogelegheiter i arbeidet med å skape gode samfunn som fremjar livskvalitet og helse. Det vil kunne ha ein stor verdi for arbeidet med å omstille oss til ei berekraftig samfunnsutvikling. **Sosial berekraft** er ein dimensjon ved dette og handlar om helse og livskvalitet, lik tilgang til ressursar og godar, inkludering, medverking, stadidentitet, tilhøyr, og tryggleik.

Senter- og omlandskommunar er gjensidige avhengige av kvarandre og har komplementære ressursar og aktiva. Gjennom godt samarbeid mellom senter- og omlandskommunane og aktørar kan fortrinn og moglegheiter i regionen utnyttast betre til nyskaping og auka attraktivitet for ulike grupper av innbyggjarar og besøkande.

2.5 Samarbeid i regionen for å nå måla

For å kunne realisere eit regionsamarbeid i Fjordane, er vi avhengig av tett samarbeid. Det gjeld kommunane, men òg næringsliv og det sivile samfunn. I tillegg krev dette **partnerskap med regionale mynde**, ikkje minst Vestland fylkeskommunen. Det er heilt avgjerande å styrke det regionale samarbeidet for å betre kome i posisjon for å nå fram og utvikle nye samarbeidsformer. Storting og regjering, sistnemnd gjennom dei ulike departementa, statsforvaltar, direktorat, Statens vegvesen, er sentrale aktørar både som premissleverandørar og samarbeidspartar.

Nettverksbasert samarbeid er arbeidskrevjande og set krav til kapasitet, kompetanse og midlar.

3 Framdrift - vegen vidare

Utviklingsplan for Fjordane interkommunalt politisk råd for 2023 – 2024 vil bli endeleg behandla april 2023.